



## **Fellestener - Informasjonsavdelinga**

Vår ref: 2016/1331-2

Dato: 03.05.2016

Til: Linda Øen

Frå: Solveig Hus Hansen

### **Notat gjeld: Særutskrift: Spelemidler 2016 - Lokale kulturbygg**

Levekårskomiteen hadde saka før i møte 02.05.2016 som sak 2016/20.

Vedlagt følger utskrift av møteboka, der vi syner til vedtaket.

# Saksframlegg

Kvinnherad kommune

**Saksmappe**

2016/1331-1

**Saksbehandlar**

Linda Øen

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2016/20	Levekårskomiteen	02.05.2016

## Prioritering av søknader - Tilskot til Lokale kulturbygg

### Innstilling frå rådmannen:

#### Behandling i Levekårskomiteen den 02.05.2016

Innstillinga frå rådmannen vart samrøystes vedteken.

#### Vedtak frå Levekårskomiteen den 02.05.2016

***Kvinnherad kommune prioriterer søknader om tilskot til Lokale kulturbygg 2016 som følgjer:***

- 1. Kvinnherad ungdomssenter***
- 2. Rosendal Samfunnshus***
- 3. Dalheim***

Kvinnherad kommune prioriterer søknader om tilskot til Lokale kulturbygg 2016 som følgjer:

4. Kvinnherad ungdomssenter
5. Rosendal Samfunnshus
6. Dalheim

### Saksutgreiing:

Hordaland fylkeskommune lyser ut tilskot til lokale kulturhus gjennom tilskotsordninga "Tilskot til lokale kulturhus og formidlingsarena". Midlane til ordninga er ein del av spelemiddelordninga. Søknaden skal fremjast gjennom den kommunen der kulturhuset ligg. Kommunen fastset frist for innsending av søknader til kommunen. Kvinnherad kommune har søknadsfrist 01.05 til Hordaland fylkeskommune. Politisk prioritering av søknader vert ettersendt.

### **Føremål med tilskotet**

Tilskota skal medverka til eigna lokale og bygningar som gjev rom for ulik kulturell verksemd. Bygningane skal fungera som kulturelle møtestader for lokalmiljø og/eller region. Midlane kan nyttast til nybygg, ombygging og modernisering av kulturhus, men ikkje til ordinært vedlikehald eller drift. Utearena for kulturell verksemd er og omfatta av føremålet.

### **Fylkeskommunal prioritering**

Hordaland fylkeskomme følgjer reviderte retningslinjer for forvaltning av desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg.

Retningslinjene set opp følgjande vilkår for tilskot:

- Kommunal prioritering
- Kvaliteten på søknaden
- Tidspunkt for fyrste gang søkt kulturhusmidlar
- Søknadsmassen for dei einskilde kommunane
- Innbyggjartal i kommunane
- Det er sett ei maks grense på tildeling på kr 500 000 pr. år slik at fleire kommunar kjem med i tildelinga
- Samla tilskot er avgrensa til kr 1 000 000,-
- Søknader som får tildeling på delar av godkjend søknadssum får ikkje automatisk dekkast restbeløpet dei kommande åra då utviklinga av dei økonomiske rammene for tilskotsordninga er ukjende.

### **Sakshandsaming og prioritering i Kvinnherad kommune**

Kvinnherad kommune lyste ut tilskot til lokale kulturhus og formidlingsarena på Kvinnherad kommune si heimeside og tok direkte kontakt med aktuelle søkjarar. Det er kome inn 2 nye søknader for 2016.

### **Kvinnherad Ungdomssenter**

Kvinnherad ungdomssenter vart ferdig rehabilitert og oppgradert i 2016. Ungdomssenteret har fått betre innemiljø og funksjonelle lokale til å driva ungdomsarbeid. Det vart søkt om 1000 000,- i 2015, av desse fekk ein tilsegn om kr 400 000,-, med høve til å fornya søknaden å få tilsegn om fleire midlar i 2016. Søknaden vil derfor bli fornya.

Til orientering syner eg til vedtak i Formannskapet 03.04.2014:

1. *I revidert budsjett for 2014 blir løyvinga til kulturhuset/ungdomsklubben auka frå kr 1,5 mill. til kr 3,5 mill. Midlane skal nyttast til innreiing av råbygg og oppgradering av eksisterande lokale. Auken blir finansiert med auka låneopptak.*
2. *Ved revisjon av økonomiplanen blir det lagt inn ei inntekt frå spelemidlar på kr 1,0 mill. Midlane skal nyttast til nedbetaling av delar av det lånet som kommunen tek opp til dette prosjektet.*

### **Rosendal samfunnshus**

Rosendal samfunnshus søkjer om tilskot til ny takteking på alle utvendige takflater på Rosendal samfunnshus. Huset er bygd i 1982. Huset er prega av høg aktivitet, slitasje og dårleg vedlikehald. Taket på samfunnshuset har vore lekk i mange år og det hastar no med å få lagt tett tak på huset. Det er fuktskadar i fleire rom, med øydelagde vindauge, golvlister og golvbelegg. Det er fare for fuktskade og øydelegging av Lul Krag bilete som heng i huset si storstove.

Total kostnadsramme på prosjektet er kalkulert til 1 452 000,-, dei søkjer om tilskot på kr. 650 000,-

### **Dalheim**

Omvikdalen ungdomslag søker om tilskot til å oppgradera og renovera inngangspartiet og toalettanlegget i forsamlingshuset i Omvikdalen, Dalheim. Særleg er dette viktig med tanke på universell utforming. Total kostnadsramme for prosjektet er kalkulert til kr. 579 600,-, dei søker om tilskot på kr 193 187,-

### **Vurdering:**

Kvinnherad kommune kan ikkje rekne med å få tilsegn på meir en eit bygg kvart år med ei øvre tilsegnsramme på 500 000,-. Søkjarar på ordninga vert førebudde på at dei gjerne må søkje fleire år på rad før søknaden vert imøtekommen med tilskot.

Kvinnherad ungdomssenter har allereie fått tilsegn på kr. 400 000,- og det er høve til gjenta søknaden for å få tilsegn om resterande søknadssum på kr. 600 000,-, det er derfor naturleg at denne søknaden vert prioritert som nr. 1

Rosendal samfunnshus og Dalheim søker begge om tilskot for første gang i år. I prioritering av desse anlegga er kriteria funksjon, brukarmasse og nødvendighet av snarleg rehabilitering tillagt særleg vekt.

### **Økonomisk konsekvens:**

### **Miljømessig konsekvens:**

Vedlegg: